

5 Spørsmål og litt til, til 5 Sommarhjelpar i Solund Sommaren 2025

Av Eiril Bukkøy (13), Vilde Fatland (15), Adrian Fimreite (13), Lmar Haj Ali (13), Ida Lending (15) og Kaila Alvheim (13) – Sommarredaksjonen 2025

Ungdom i Solund har fått høve til å prøve seg i arbeidslivet. Nokre jobbar på verft, andre på bibliotek, i butikk eller på omsorgssenter. Me i sommarredaksjonen har intervjuet fem ungdommar som har sommarjobb denne sommaren. Me ville finne ut kva dei synest om jobben, kva dei lærer, og kva dei tek med seg vidare.

Her får du møte Jonathan, Torstein, Linus, Sebastian og Malene, fem ungdommar med ulike erfaringar frå sommarjobben sin.

Desse fem spørsmåla stilte me

1. Kva synest du om sommar jobben din? Kva likar du, og kva kunne vert betre?
2. Kvifor valde du akkurat denne sommarjobben?
3. Kva vil du ta med deg vidare i livet frå sommarjobben din?
4. Kvifor valde du å ha sommarjobb?
5. Kva synest du om tanken å trene på og ha ein skikkeleg jobb

Sommarjobb på Solund Bibliotek

Intervju 1 på Biblioteket med Jonathan Fatland

1. Sommarjobben er litt gøy, men den kan også være litt kjedeleg av og til. Eg liker at det er litt variasjon i kvardagane, men eg kunne ønske at arbeidsdagane starta litt tidlegare sånn at eg kunne gått tidlegare frå jobben.
2. Det var tilfeldig at eg valde å jobbe på biblioteket, men eg er glad eg tok detta valet.
3. Noko eg har blitt betre på er å male og skanne bøker.
4. Eg har lyst å tene pengar.
5. Helt gret.

Sommarjobb på Øybygg AS

Intervju 2 på Øybygg AS med Torstein Bratland om sommarjobben

Idag har vi fått intervju Torstein. Han har sommarjobb på Øybygg as. Der jobbar han med kundeservice i butikken.

1. **Kva synest du om sommarjobben din, og kva likar du best?** – Eg synest jobben er grei. Det er litt artig å gjere det same om igjen, og det er faste tider, så det gir meg noko å gå til kvar dag. Eg likar at det er strukturert og at eg får ein rutine i kvardagen.
2. **Er det noko du synest kunne vore betre?** – Nei, eg synest denne jobben er super akkurat som den er. Eg har ingenting å klage på.
3. **Kva gjorde at du begynte å jobbe akkurat her?** – Det var eigentleg fordi eg fekk høve til å arbeide over lengre tid. I kommunen får ein som regel berre jobbe i to veker, men her kan eg jobbe i tre veker, og då får eg totalt fem veker med arbeid. Det var ein viktig faktor for meg.
4. **Er dette noko du ville tatt med deg vidare i livet?** – Ja, absolutt. Eg lærer mykje om kundeservice og om korleis ein skal snakke med folk. Det er god erfaring som eg trur vil vere nyttig seinare i livet.
5. **Kva synest du om tanken å trene på og ha ein skikkeleg jobb?** - Kjempeflott, då kan eg skrive arbeidserfaringa på cv.

Sommarjobb ved Solund Verft AS

Intervju 3 og 4 på Solund Verft med Linus Sundal og Sebastian Arnes

Ungdom i arbeid ved kystverftet

Sebastian og Linus har denne sommaren hatt sommarjobb ved Solund Verft. Dei har fått eit innblikk i verftsarbeid og praktiske oppgåver – frå docking til knutar og vedlikehald. Her fortel dei sjølv om sine erfaringar.

Intervju

Spørsmål 1: Kva synest du om sommarjobben din? Linus: Eg synest jobben er gøy! Løna er god, og eg har det bra her på verftet.

Spørsmål 2: Kva likar du best med jobben din? Sebastian: Det må vere å docke. Då kjenner ein at ein utfører eit stort og viktig arbeid – det gir ei god kjensle av meistring.

Spørsmål 3: Er det noko de vil ta med dykk vidare frå å jobbe her på Solund Verft?

Linus: Ja, eg vil definitivt ta med meg noko. Til dømes har eg lært å knyta ulike knutar, og det er både nyttig og interessant.

Spørsmål 4: Er det noko som er vanskeleg å gjere på jobb? **Linus:** Det er eigentleg ikkje så mykje som er vanskeleg, men det finst oppgåver ein helst vil unngå – som til dømes grisearbeidet under docking.

Spørsmål 5: Trur du denne jobben har påverka det du vil gjere seinare i livet?

Sebastian: Nei, ikkje eigentleg. Eg ser på dette som ein god erfaring, men det har ikkje endra kva eg vil gjere vidare.

Sommarjobb ved Solundheimen

Intervju med Malene Kårstad om sommarjobb på omsorgssenteret på Solundheimen

— **Kven er det vi står med her i dag?**

«De står her med meg, Malene Kårstad.»

— **Så kjekt! Kva jobbar du med i sommarjobben din?**

«Eg jobbar på omsorgssenteret og hjelper til med ulike oppgåver. Eg dekkjer på bordet, lagar frukost, dekkjer av, og hjelper til med å servere drikke og andre småting.»

— **Korleis ser ein vanleg arbeidsdag ut?**

«Eg startar ofte med å rydde, legge på sengene og spørje bebruarane om det er noko dei treng – alt frå drikke til hjelp med småting. Nokre gonger går eg tur med dei, og eg hjelper også til rundt middagen.»

— **Kor mykje tid brukar du saman med bebruarane, og kva gjer de i lag?**

«Eg sit ofte og snakkar med dei, berre for å vere sosial. Dei har som regel mykje på hjartet. Eg går også rundt i gangane og snakkar med dei, slik at dei får rørt seg litt – og av og til tek vi ein tur ut.»

— **Har du eit minne frå jobben som du hugsar ekstra godt?**

«Ja! Ein gong skulle eg byte på ei seng, men bebuaren byrja å snakke og snakke. Det var så koseleg at eg brukte nesten ein time før eg kom meg vidare. Det var verkeleg fint.»

— **Kva har vore mest utfordrande?**

«Det kan vere vanskeleg å kommunisere. Mange eldre har dialekt, høyrer dårleg og har mørkare stemmer, så det kan vere utfordrande å forstå kva dei seier.»

— Har du lært noko nytt om deg sjølv?

«Eg trur eg har blitt meir tolmodig. Ein treng verkeleg tolmod og omsorg i denne jobben. Det er viktig å vere vennleg og respektfull.»

— Trur du denne erfaringa påverkar kva du vil gjere i framtida?

«Ja, eg trur det påverkar kva eg vil velje vidare. Det har gitt meg eit innblikk i kor viktig omsorgsykket er.»

— Har du eit råd til andre ungdommar som vurderer å jobbe på omsorgssenter?

«Det er kjempekoseleg, og eg blir veldig glad av å jobbe her. Eg får mange kompliment, og bebruarane blir så glade når ein kjem med frukt eller har bytt sengetøy. Då blir eg også glad!»

— Var det noko du skulle ønskje du visste før du starta?

«Kanskje litt meir om pasientane og kor forskjellige dei er. Ei lita oppsummering av kven dei er hadde gjort det enklare for nye som startar.»

— Kva gir deg inspirasjon i jobben?

«Det er dei gode tilbakemeldingane frå bebruarane og å sjå kor hardt dei vaksne jobbar. Då får eg lyst til å gjere det like bra som dei.»

Gjennom desse intervjuar ser me at sommarjobb ikkje berre handlar om å tene pengar, det handlar også om å lære nye ting, møte folk, og få ein smakebit på vaksenlivet. Nokre har lært å knyta knutar, andre har blitt betre på å snakke med kundar eller vise omsorg for eldre. Felles for alle er at dei har fått erfaringar dei kan ta med seg vidare, anten dei vil jobbe med noko liknande i framtida, eller berre vil bygge på CVen.

Solund treng ungdom som vil bidra, og ungdom treng slike moglegheiter. Me i #Sommarredaksjonen2025 synest det er inspirerande å sjå kor mykje ein sommarjobb kan bety.

